



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 15.11.2021

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

## **PROTOKOLL TIL MØTE NR. 03 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023**

**Stad:** Microsoft Teams  
**Tidspunkt:** Måndag 15. november 2021, kl. 18.00-20.00

### **Sakliste**

#### **REFERATSAKER**

**SAK 18 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 19 21-23** Godkjenning av protokoll LK møte nr. 02 21-23

#### **RAPPORTERINGSAKER**

**SAK 20 21-23** Rekneskapsrapport pr. 27.10.21

#### **ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 21 21-23** Team Elon Vest

#### **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 22 21-23** Krinslaget 21/22  
**SAK 23 21-23** Oppfølging frå Haustmøtet – rekrutteringsarbeid

#### **EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra og Kennet Dvergedal (adm.)

**FORFALL:** Sveinung Pile

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

#### **REFERATSAKER**

**SAK 18 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

### **SAK 19 21-23**

#### **Godkjenning av protokoll LK møte nr. 02 21-23**

##### **Bakgrunn**

Protokoll LK møte nr. 2 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll LK møte nr. 2 21-23.

### **RAPPORTERING**

#### **SAK 20 21-23**

#### **Rekneskapsrapport pr. 27.10.2021**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 27.10.2021 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 21 21-23**

#### **Team Elon Vest**

##### **Bakgrunn**

LK-leiar informerer om:

- Sportsleg status
  - Mange gode løparar, kandidatar til topp 10 plasseringar i nasjonale renn.
- Økonomisk status
  - Ressursane blir brukt på ein god måte, god økonomistyring.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

#### **SAK 22 21-23**

#### **Krinslaget 21/22**

##### **Bakgrunn**

Krinslaget 2021-2022 vart orientert om i Sak 04 21-23.

Informasjon om krinslaget finn ein på denne lenka;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/langrenn/krinslag/>

I løpet av samlingane denne barmarksesongen er det fleire løparar som deltek på enkeltsamlingar utan å knytte seg til krinslaget/ impuls lag eller nytte seg av «vinterpakken». Desse har enkeltavtalar med LK, trenarar eller adm.

LK var klar over nokre utøvarar som deltok på enkeltsamlingar, men i framkant av Beitostølen-samlinga dukka det opp nye utøvarar som ønska å vere med. LK hadde ein diskusjon per mail rundt prinsippet om at utøvarar

kjøper seg inn på samling alt etter kva som passar, og konkluderte med at ein ikkje ønskjer det.

Utfordringa til LK ved å opne opp for påmelding av enkeltutøvarar er at det skapar utforsigbarheit kring planlegginga av overnatting, trenarkrefter osv..., samt at det kan spele negativt inn på «lag-følelsen» som ein får ved å vere ein del av krinslaget.

I framkant av møtet har LK fått tilbakemeldingar frå foreldre som trekk fram fordeler ved å inkludere utøvarar som melder seg på enkeltsamlingar.

Langrennskomiteen bør drøfte problemstillinga med løparar som deltek på enkeltsamlingar utan å knytte seg til krinslagskontrakt.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at krinslagssamlingar i utgangspunktet er forbeholdt løparar som har tegna krinslagskontrakt. Det vart likevett opna opp for enkeltutøvarar som fekk vere med på beitostølen-samlinga med treningsavgift på kr. 500,- pr. samlingsdøgn. Langrennskomiteen tek opp igjen saka i løpet av vinteren, for å lage tydelegare retningslinjer i forhold til utøvarar som ønskjer å bli med på enkeltsamlingar med krinslaget.

#### **SAK 23 21-23**

#### **Oppfølging frå Haustmøtet – rekrutteringsarbeid**

##### **Bakgrunn**

På Haustmøte vart klubbane utfordra til å spela inn rekrutteringstiltak i form av gruppeoppgåver.

Langrennskomiteen drøftar ulike rekrutteringstiltak etter innspel frå Haustmøte.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta tiltak som kan prøvast denne sesongen ved ulike arrangement. Langrennskomiteen gjer vedtak om å følgje opp rekrutteringstiltak med aktuelle klubbar.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at adm. reinskriver innspela som vart foreslått under Haustmøtet, og lagar eit utkast til korleis tiltaka kan implementerast i handlingsplanen. Utkastet blir presentert ved neste møte i langrennskomiteen.

#### **EVENTUELT**

**Neste møte i LK; tirsdag 14. desember.**



Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef